



Arkivsaksnr.:
2020/3025

Dokumentdato:
07.01.2022

Styre:
Universitetsstyret

Styresak:
11/22

Møtedato:
02.02.2022

Forlenging av mellombels forskrift V2022 - koronaforskrift

Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Noverande midlertidige forskrift](#)
- [Forskrift om opptak](#)
- Styresak 77/21, [Forslag om justering i UiBs grads- og studieforskrift](#)
- Justert vedtak i sak 136/21, [Forskrift om oppheving av UiBs midlertidige forskrift om tillegg til forskrift 16. februar 2012 nr. 872 om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen \(korona-forskriften\)](#)

Saka gjeld:

På grunn av koronapandemien har UiB, som ei rekke andre universitet og høgskular, vedtatt ei mellombels forskrift (koronaforskrifta). Ho gjeld i tillegg til den ordinære grads- og studieforskrifta og har blitt forlenga tre gonger tidlegare.

Regjeringa har nyleg lagt fram tiltak som er dei strengaste sidan våren 2020. Bakgrunnen for tiltaka er høge og aukande smittetal, og ny kunnskap om omikron-varianten og smittepotensialet som ligg i den. Regjeringa legger opp til at universiteta gjer meir undervisning og vurdering digitalt.

Det er usikkert når desse tiltaka blir rulla tilbake, og det er vanskeleg å vurdere kva for innverknad koronasituasjonen vil ha på utdanning og vurdering det neste halvåret. Kunnskapsdepartementet har varsla at dei vil forlenge den mellombelse forskrifta om gjennomføring av utdanningar som er regulert av rammeplan fram til 1. juli 2022.

Fakulteta har meldt om behov for forutseielegheit i planlegginga av undervisning og eksamen i vårsemesteret, og dei vurderer UiB si forskrift som eit godt reiskap i planlegginga.

Pandemien har også hatt verknader for studieprogresjonen til studentane. Det har derfor vore høve til å gjere betinga opptak til masterprogram, dersom studenten manglar 15 studiepoeng, eller eitt emne, for å oppnå bachelorgraden. Av omsyn til studentane bør dette høvet også gjelde for masteropptaket i 2022.

Universitetsdirektøren sine kommentarar

På denne bakgrunnen vurderer universitetsdirektøren det som naudsynt å forlenge opptaksforskrifta og UiB si mellombelse forskrift tilsvarande. Rektor har i høve til styresak 136/21), forlenga forskrifta på fullmakt fram til styret kunne kome saman. For at

sakshandsaminga skal bli mest mogleg korrekt, bør Styret vedta ytterlegare forlenging av forskrifta, og universitetsdirektøren legg derfor fram følgande

Forslag til vedtak:

1. I «Midlertidig forskrift om tillegg til forskrift 16. februar 2012 nr. 872 om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen» (koronaforskrifta), § 6, vert forlenga til 1. juli 2022.
2. I «Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen» § 6-4 blir «i 2020» stryka i overskrifta; i (1) blir «opptaket i 2021 og våren 2022» endra til «opptaket i 2022»; og i same føresegn (2) «2021» endra til «2023».
3. Endringane gjeld straks.

Robert Rastad
universitetsdirektør

07.01.2022/Knut Knapskog/Torunn Valen (underdir.)